

Møteinnkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**

Møtestad: Eljarvik Gard, Etne

Dato: 09.06.2021

Tidspunkt: 09:00

Forfall må meldast så snart som mogleg på e-post:

astrid.bakke.haavik@statsforvalteren.no eller på telefon: 40904341.

Vararepresentantar får kopi av innkallinga og møter etter nærmere beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: www.miljovedtaksregisteret.no.

Program

0900-1130: Styremøte med informasjon fra Valestrand Beitesforening

1130-1200: Lunsj

1200-1400: Fjordcruise på Åkrafjorden og tur til Mosnes

For dei som skal sende reiserekning og krevje møtegodtgjersle:

For hjelp til dette, sjå: «Selvbetjening for honorarmottakere»

<https://dfo.no/kundesider/lonn/selvbetjening-for-honorarmottakere>

Saksliste

Utvals-saksnr	Innheld	Arkiv-saksnr
ST 21/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
ST 22/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen	
ST 23/21	Framlegg - Søknad om å hente ut jordprøver til forskningsprosjekt -Basecamp Research - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/5463
ST 24/21	Framlegg - Søknad om uttak av grus i Hattebergselva - tursti Hattebergfossen - bygging av turvei - utsiktspunkt	2020/11008
ST 25/21	Status for prosjekt og tiltaksmidler juni 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021	2021/607
ST 26/21	Framlegg - Ny nettside nasjonalparkstyre.no - Personvernerklæring - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021	2021/607
ST 27/21	Referatsaker	
RS 6/21	Evaluering av forvaltningsordning nasjonalparker og andre store verneområde - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021	2021/607
RS 7/21	Oppfølging av tiltak - synfaring 20.05.2021 - Folgefonna nasjonalpark - oppbygging - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger	2020/12904
ST 28/21	Delegerte saker	
DS 7/21	Deleget vedtak - Flyging med drone for tilsyn av sau - Vetle Laurdal Andersfjell Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/5815
DS 8/21	Framlegg - Uttak av steinprøvar for å datere skredblokker for å datere fjellskred i Bondhusdalen - Vitenskapelege undersøkingar - Universitetet i Bergen Institutt for geovitenskap - Bondhusdalen LVO - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/6671
DS 9/21	Ullensvang- motorferdsel - snøskuter - saltstein m.m - Dravladal - Holmavatnet - Lars Kjetil Hagen Reisæter	2021/4619
DS 10/21	Deleget vedtak - Helikoptertransport til vedlikehald av hus i Hjortedalen og proviant til Lono og Tverrelvhytta - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/6250
DS 11/21	Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Buer - Motorferdsel - helikopterlandning - Hersetenuten - Ridbjørg,- Reinanuten - geologiske undersøkelser	2021/6702

ST 21/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 22/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2021/5463-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.04.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	23/21	09.06.2021

Framlegg - Søknad om å hente ut jordprøver til forskningsprosjekt -Basecamp Research - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Basecamp Research løyve til å ta ut jordprøvar til vitenskaplege undersøkingar i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med heimel i forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde, forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Det er løyve til å hente ut inn til 30 jordprøvar, kvar på maks 100 ml.
- Løyvet gjeld i perioden 15. juni – 31.12.2021
- Resultat frå undersøkingane skal gjerast offentleg tilgjengeleg og sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre ved forvaltar.

Saksopplysningar

Søknad

I e-post datert 8. mars 2021 søker Basecamp Research om løyve til å ta ut jordprøver i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Basecamp Research er et selskap basert i London som studerer mikroliv i jord. Dei er interesserte i å hente prøver frå verneområda for å auke kunnskapen om biomangfaldet i verneområde. Og dei seier

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



vidare at: «*Målet vårt er å forstå forholdet mellom jordmineraler og jordbakterier i hele Europa, for å demonstrere verdien biologisk mangfold har for samfunnet.*»

Basecamp Research ved Nadine Greenalgh ønskjer å samle inn mellom 20-30 jordprøver fra Bondhusdalen og søre del av Folgefonna nasjonalpark. Prøvene er på om lag 100 ml kvar og vil bli henta frå toppjord (mindre enn 5 cm frå overflata) som er lett tilgjengeleg, til dømes langs turstiar. Prøvane vert plasserte i sterile og forsegla prøvebokser og merka for analyse. Prøvane vil bli samla inn til fots, og det skal ikkje påverke plante- eller dyreakтивitet. Prøvane vert analysert for mineralsk samansetning og mikrobielle analysar vert gjort ved bruk av kjemiske testar og eDNA-sekvensing. Prøvane vert samanlikna med andre prøvar tekne andre plasser i Europa.

Det er ønskjeleg å samle inn prøvar i løpet av 2021, men COVID-pandemien gjer det vanskeleg å fastslå kor tid det vil verte aktuelt. Det er anslått at dei vil bruke ei veke på innsamlinga.

Vurdering

Området der prøvane skal takast ut ligg innafor grensa til Bondhusdalen landskapsvernombjøde og Folgefonna nasjonalpark og må vurderast etter verneforskrift og naturmangfaldlova.

I nasjonalparken er området verna mot alle inngrep. I landskapsvernombjødet skal området vernast mot alle inngrep som kan endre eller verke inn på landskapets art og karakter i vesentleg grad. Difor er det forbod mot inngrep som boring, sprenging, bryting av stein, mineral eller fossilar, fjerning av større stein og blokkar.

Det er ikkje opna for å gje løyve til uttak av jord til vitenskaplege undersøkingar i verneforskriftene og difor må tiltaket vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen som finst i naturmangfaldlova § 48.

§ 48 seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

I forvaltingsplanen for Folgefonna skriv ein dette om forsking og undervisning:

« *Verneområde kan vere nyttige referanseområde for forsking rundt endringar i naturtilstanden. Forsking som kan vere nyttig for å dokumentere naturtilstand og trugsmål og som kan gje auka kunnskap om verneområdet, vert vurdert som positivt. Men aktiviteten må ikkje føre til tekniske inngrep som set varige spor i terrenget. Det vil ikkje verte gjeve løyve til kartlegging av potensiale for økonomisk utnytting av naturressursar i området.*

Undervising som formidlar kunnskap om natur- og kulturmiljøet og som gjev auka forståing for naturvern er velkommen i verneområdet. Men heller ikkje slik verksemad må føre til skade på naturmiljøet eller vere til ulempe for andre.»



Vurdering

Det er søkt om å ta ut 20-30 jordprøver frå fleire uspesifiserte lokalitetar i Bondhusdalen og Folgefonna nasjonalpark. Korkje verneforskrift eller forvaltingsplan opnar for å gje løyve til forsking som kan nyttast til kartlegging som kan nyttast økonomisk og viser til at slike tiltak må skje utanfor verneområda. Forvaltingsplanen seier på same tid at forsking som kan vere nyttig for å dokumentere naturtilstand og trugsmål vert vurdert som positivt.

Det er ikkje spesifisert nærmare kva lokalitetar ein ønskjer å hente ut jordprøver frå. Det er ikkje kjent at vi har område med særleg sårbart jordliv, særleg fordi jordlivet er heilt ukartlagt. Omfanget av kvar enkelt jordprøve er svært lite (100 ml) og eit slikt tiltak vil ikkje ha nokon effekt på verneverdiar eller naturmangfald.

Forvaltingsplanen for Folgefonna har spesifisert at det ikkje vil bli gitt løyve til kartlegging av potensiale for økonomisk utnytting av naturressursar i verneområda. Bakgrunnen for dette er nok å hindre at slik prospektering potensielt kan legge press på verneverdiane. Forvaltar kjenner ikkje til om bioprospektering var med i tankane då ein forma retningslinene i forvaltingsplanen.

«*Bioprospektering er det å utnytte gener og biokjemikalier fra naturen til beste for mennesker. Dette gjøres ved utforskning av biodiversiteten for å finne kommersielt verdifulle genetiske og biokjemiske ressurser, det vil si leting etter bioaktive molekyler i levende organismer på land eller i havet.*» (snl.no)

Basecamp Research (B. R.) er eit privat firma som nettopp prøver å finne nye gener og biokjemikalier frå naturen og utnytte dei i industri og utvikling. Men ein slik bruk treng ikkje nødvendigvis å føre til eit sterkare press på utnytting av verneområda der prøvene er henta frå, då vidare utvikling som regel foregår i ein lab.

B. R. trekk fram at dei vil helst hente prøver frå verneområda, men for Folgefonna sin del finn forvaltar det sannsynleg at ein vil finne mykje det same i jordprøver frå jord utanfor verneområda som inni, då det er mange tilgrensande område med tilsvarende liten grad av påverknad som ikkje har vernestatus. Forvaltar ser dog heller ikkje korleis uttak av desse jordprøvane kan påverke verneverdiane i nokon negativ grad. Det er heller ikkje sannsynleg at ei bioprospektering i dette omfanget har nokon stor samfunnsmessig verdi utanom at det kan auke kunnskapen om jordlivet i delar av verneområda våre. Forvalting av genetiske ressursar er regulert av bioteknologilova og konvensjonen om biologisk mangfald. Det er eit prinsipp at alle genetiske ressursar tilfell staten Noreg og innbyggjarane og alle genetiske ressursar skal vere opne og tilgjengelege for alle, etter Nagoya-protokollen som Noreg har ratifisert. Kongen kan gjennom forskrift regulere kven som får løyve til å hente ut genetiske ressursar og bruke dei, men denne forskriften har ikkje trådd i kraft enno. Difor er det ingen andre regelverk som regulerer denne typen bruk av verneområda.

Forskrift og forvaltingsplan legg opp til at alle vitenskapelege undersøkingar i verneområda må ha som mål å auke kunnskapen om verneområda og at eit viktig kriterium er å sikre at ny kunnskap vert tilgjengeleg for ålmenta. Difor ønskjer nasjonalparkstyret at alle som får løyve til å gjennomføre forsking i verneområda gjer forskningsresultata tilgjengeleg for alle. Ein viktig del av verneføremålet er å kunne formidle kunnskap om verneområda og korleis dei har blitt til lokalbefolkning og alle som vitjar områda.



Forvaltar tilrår at søker får løyve til å gjennomføre tiltaket som omsøkt, men ser at dette strir mot retningslinene i forvaltingsplanen. Forvaltar meiner tiltaket er av så lite omfang og vil ha så lite påverknad på verneverdiane at det ikkje gir meiningså gje avslag. Etter ei spørjerunde rundt til andre verneområdestyre verkar det også som det ikkje har kome inn liknande søknader frå private firma før, noko som kan vere ein indikasjon på at dette ikkje er ein type tiltak som vi vil få mange av i framtida.



Arkivsaksnr: 2020/11008-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 03.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	24/21	09.06.2021

Framlegg - Søknad om uttak av grus i Hattebergselva - tursti Hattebergfossen - bygging av turvei - utsiktspunkt

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Kvinnherad kommune løyve til å ta ut grus frå Hattebergselva i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Løyvet er gitt med heimel i verneforskrifta for Hattebergsdalen landskapsvernområde og § 48 i naturmangfaldlova.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Løyvet gjeld for uttak av inn til 1000 m³ grus frå lokalitet 2 avmerka i vedlagte kart.
- Uttaket må ikkje skje i perioden juli-september.
- Køyrespor og gravespor i elvabanken må dekkast over og glattast ut når tiltaket er ferdig gjennomført.
- Løyvet gjeld frå vedtaksdato og ni år framover.
- Rapport med bilet vert sendt til nasjonalparkstyret år ein er ferdig å ta ut grus.

Søknaden

Kvinnherad kommune søker på vegne av Baroniet i Rosendal og prosjektgruppa tursti Hattebergfossen om løyve til å ta ut grus frå Hattebergselva i Hattebergsdalen landskapsvernområde til å bygge tursti.

Det er sterkt ønskjeleg å nytte stadeigne massar til å bygge stien. Dette er både på grunn av stien sin plassering i landskapsvernområde og i landskap freda etter kulturminnelova rundt Baroniet og for å minske utgiftene ved å bygge stien. Området ein vil hente ut grus frå er vist på kart og bilet som er vedlagt her. Her har det blitt lagt opp massar i dei seinare åra som vil bli nytta. Det er planlagt å ta ut ca. 1000 m³ massar frå området markert som 2 på kartskissa under. Det var tidlegare planlagt å ta ut massar også frå det skraverte området merka 1 og 3. Dette er ikkje lenger aktuelt.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudalen



Figur 1: Kart som viser lokalitetene. Søkjar ønsker no berre å ta ut grus i lokalitet 2, etter vedtak i NVE.



Figur 2: Biletet viser elvebanken der ein ønskjer å ta ut massar. Biletet er teke frå aust mot sørvest

Lovheimel

Det omsøkte prosjektet ligg innafor vernegrensa til Hattebergsdalen landskapsvernområde, difor må søknaden vurderast etter verneforskrifta som blei vedteken i 2005.

Området er verna mot inngrep som vesentleg endrar karakteren til landskapet og det er generelt forbod mot t.d. graving og påfylling av masse, boring og sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper med meir.

Verneforskriftene har ikkje ein spesifikk heimel som opnar for at nasjonalparkstyret kan gi løyve til uttak av massar i elva. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova, som seier at forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde som kan påverke natur, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.



Frå forvaltingsplanen står det dette om handsaming av saker i nasjonalparken og landskapsvernområda.

a. 42

Verneverdiane i landskapsområda er mykje dei same som i nasjonalparken (sjå forvaltingsplanen kap. 5.2), men delar av landskapsvernområda omfattar i større grad øg område som er kulturpåverka. Vern av plante- og dyrelivet er mykje det same i landskapsvernområda som i nasjonalparken. Skilnaden går først og fremst i kva som er eller kan vere tillate av tekniske inngrep. I nasjonalparken er alle tekniske inngrep i utgangspunktet forbodne, medan det i landskapsvernområda er forbod mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin karakter.

Vurdering

Etter verneforskrifta er det ikkje opna for å gje løyve til å fjerne massar i elva og tiltaket må difor vurderast etter § 48. Hattebergsvassdraget er også eit varig verna vassdrag sidan 1993 etter vassressurslova som vert forvalta av Noregs Vassdrags- og Energidirektorat.

Verneplanen gjeld i hovudsak utbygging til vasskraft, men verneverdiar skal også leggast til grunn når andre tiltak vert planlagt i vassdraget. I vernegrunnlaget står følgjande:

«Vassdraget er sentrale deler av et særpreget og kontrastrik landskap fra høyfjell til fjord, der elver og vann er stedvis svært fremtredende. Elveløpsformer, isavsmeltingsformer, aktive prosesser i avsetninger og fjell, botanikk og vannfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Store kulturminneverdier. Viktig for friluftslivet. Uttyller nasjonalpark ned til fjorden».

Her kan ein sjå at vassdraget er trekt fram som ein sentral del av landskapsbildet i området og at mellom anna elveløpsformer er trekt fram som ein viktig del av naturmangfoldet. Som fylkeskommunen skriv er det også knytt store kulturminneverdier til området.

NVE har fokus på at uttak av massar ikkje må gå ut over yngelihøva i elva nedstraums og at uttak av massar må skje på ein måte som ikkje fører til fare for meir flaum og erosjon. Det er avgrensa med massetransport i elva, men NVE vurderer at eit uttak på inntil 1000 m³ frå nemnte lokalitet ikkje vil vere konsesjonspliktig etter vassressurslova.

Elvene er levande element i eit landskap og det vil alltid vere forandringar i grusavsetjingar, elveløp og straum. Difor vurderer forvaltar at eit avgrensa uttak av massar frå lokalitet 2 ikkje vil ha nemneverdig påverknad på landskapet sin art og karakter og heller ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Forvaltar viser også til dei føringane som er lagt i vedtaket frå NVE om at søkjær sjølv må vurdere korleis tiltaket kan påverke flaum og forbyggingar i elva.

Det er viktig at tiltaket ikkje vert utført i tidsrommet juli til september om ein ikkje finn andre måtar for å unngå sedimentering på yngel av laks og sjøaure nedover i vassdraget.

Folgefonna nasjonalparkstyre gjorde i sak 37/20 vedtak om å gje løyve til å bygge ein tursti rundt Hattebergsfossen. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Søknad datert 06.07.2020 og prosjektskildring frå arkitekt Lars Berge datert 20.12.2019 skal leggast til grunn når det gjeld landskapstilpassing og utforming av gangveg og andre tiltak i tilknyting til prosjektet, med unntak av breidda på veg, jf punktet under.*



-
- *Vegstrekke frå Kalvatrebru og ned til grense for landskapsvernområde skal i breidde og utsjånad framstå som ein gangveg etter ferdigstillelse og gjengroing.*
 - *Fosseplassen skal utformast i samråd mellom grunneigar og Baroniet Rosendal*

Bruk av elvegrus som dekke på stien vil gje ei meir landskapstilpassa utsjånad enn å bruke standard veggrus og forvaltar meiner dette talar positivt for å gje løyve i dette særskilte tilfellet. Presedensverknaden bli her mindre, då uttaket er knytt til eit bestemt prosjekt som er meint å heve opplevingskvalitetane i verneområdet.

Forvaltar meiner tiltaket har avgrensa effekt på landskapets art og karakter og at bruk av elvegrus på stien rundt Hattebergsfossen vil vere positivt for utsjänaden på stien og omgjevnadene. Forvaltar meiner difor at tiltaket kan få løyve, med visse vilkår og slik søknaden framstår i dag.



Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 01.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	25/21	09.06.2021

Status for prosjekt og tiltaksmidlar juni 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

Nasjonalparkstyret vedtek ein plan for vidare framdrift med årets prosjekt og tiltaksmidlar

Status drift, planar og tiltaksmidlar

Tabellen under syner status på alle midlar som styret har fått tildelt for 2021.

Andre prosjekt for 2021 som skal løysast utan eksterne midlar

- Kommunikasjonsplan – oppstartsmøte mellom forvaltar og besøkssenter, laga prosjektplass og utkast til skiltplan. Treng medverknad frå kommunar og andre aktørar som informerer i og rundt verneområda. Viktig at planen kjem på plass, men krev ein innsats for å få relevante aktørar på banen.
- Lage plan for større granhogstar som skal gjennomførast i 2022. Treng grunneigaravtalar og kostnadsoverslag og avtaledokument for å sende på anbod. Kan ta del i større prosjekt i regi av Statsforvaltaren og då spare ein del tid, men krev at vi har ein «grytekla» plan
- SNO prioriterar Folgefonna i år og skal kartlegge bygningar som ikkje har vore registrerte til no. Er i gong med det. Forvaltar og SNO prøver å koordinere nokre synfaringar, særleg i uvegsamt terrenget med lite mobildekning.
- Ny nettside for nasjonalparkstyre.no: Sidene er oppretta og fungerer, sjå her: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna>



Drift og planlegging		Status juni 2021
	Søkt om	Innvilget beløp
Drift av styret	130 000	130 000 Brukast fortløpende, planlegg utvida styremøte i haust saman med skuleelevar og naturvegleiar ved Folgefonsenteret
Revidering av forvaltingsplan, midlar til å kjøpe tenester eller løne prosjektmedarbeidar	300 000	200 000 Ikkje funne løysing for bruk av desse midlane.
Kartlegge og vurdere behov for skjøtsel av styrde almar i haustingsskog i Bondhusdalen LVO	100 000	100 000 Oppdrag på anbod, Miljøfagleg Utredning skriv ein rapport. Er på synfaring og kartlegging i desse dagar.
Kartlegging av innfallsportar, kostnadsdekning for bachelorstudentar i landskapsplanlegging ved Høgskulen i Vestland	30 000	- Har ein student som skriv oppgave og tre som ventar til våren 2022. Kan kanskje bruke attverande midlar frå driftsbudsjetten?
Kulturminnekartlegging	150 000	- Sett på vent
Planlegge natursti og informasjon rundt Velkomstsenteret på fonna	100 000	- Sett på vent
	810 000	430 000

Tiltaksmidlar		
	Beløp	Prioritering av styret
Skilttavler på innfallsport Sommarskisenteret	100 000	100 000 Hardtech leverer skilt, gjerde og montering til 90 000,-



Uttak av sitka i spreiing	50 000	50000	Ikkje fått planlagt. Manglar prioriteringsliste, avtale med grunneigarar og kontraktørar
Uttak av mindre granfelt	100 000	100000	Ikkje fått planlagt. Manglar prioriteringsliste, avtale med grunneigarar og kontraktørar
Undervisningsopplegg Folgefonsenteret	40 000	0	Sjå drift av styret
Oppsetting av skilt	30 000	30000	I prosess
Ferdselsteljarar	8		Fått tre teljarar i Bondhusdalen
	320 000		



Supplerande tildeling

Tilrettelegging av vegen til
Bondhusvatnet

100 000 Supplerande tildeling frå
Miljødirektoratet. Pengane
er løyvd og vi ventar på at
tiltaket skal gjennomførast
og pengane fakturerast.



Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	26/21	09.06.2021

Framlegg - Ny nettside nasjonalparkstyre.no - Personvernerklæring - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek den nye personvernerklæringa for nettsida til Folgefonna nasjonalparkstyre, <https://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/>. Styreleiar vert sett som ansvarleg redaktør for nettsida.

Saksopplysningar

Etter det nye personverndirektivet til EU (GDPR) er det påkravd at alle nettstader som har informasjonskapslar som samlar informasjon om brukarane informerer om korleis data er tenkt brukt og vert lagra. Folgefonna nasjonalparkstyre har ei nettside der vi informerer om forvaltning og styre og denne sida vert då styret sitt ansvar å informere frå. Under følgjer framlegg til personvernerklæring frå Miljødirektoratet.

Personvernerklæring for Folgefonna nasjonalparkstyre

Folgefonna nasjonalparkstyre handsamar personopplysningar om deg når du brukar denne nettstaden.

Her finn du informasjon om personopplysingane vi samlar inn, kvifor vi gjer det, og kva rettar du har når det gjeld handsaminga av desse personopplysingane.

Ansvarleg for handsaming

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



Den ansvarlege for handsaminga av personopplysningane om deg er styreleia i Folgefonna nasjonalparkstyre.

Regulering av Folgefonna nasjonalparkstyre si handsaming av personopplysningar

Personvern er viktig både for deg som brukar og for oss i Folgefonna nasjonalparkstyre. Vi er opptatt av å verne om og respektere personvernet ditt.

Folgefonna nasjonalparkstyre er underlagt personopplysningslova og personvernforordninga (General Data Protection Regulation 2016/679) når vi handsamar personopplysningar.

Vi vil i hovudsak hente inn personopplysningane vi registrerer, direkte frå deg som brukar. Ved innsamling av opplysingar frå ein tredjepart, for eksempel frå Folkeregisteret, får du eit varsel, med mindre innsamlinga er lovbestemt, varsling er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg, eller det er på det reine at du allereie kjenner til kva for informasjon varselet ville innehalde.

Dersom vi ønskjer å innhente opplysingar frå deg som ikkje er nødvendige for å vareta avtaleforholdet som oppstår ved at du registrerer deg som brukar av tenestene våre, vil vi først informere deg om at det er frivillig å gi frå seg opplysingane, og kva opplysingane skal brukast til.

Derfor handsamar vi personopplysningar om deg

Føremålet med Folgefonna nasjonalparkstyre si handsaming av personopplysningar er i første rekke å vareta forvaltningsoppgåvene vi har som styre.

Frå vedtekten, pkt. 1. Formålet med vedtekten: *Formålet med disse vedtekten er å legge til rette for en helhetlig og kunnskapsbasert forvaltning av de verneområder styret har ansvar for. Vedtekten skal sørge for at nasjonalpark- eller verneområdestyret skal kunne oppfylle formålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelser.*

Vi handsamar personopplysningar i den grad lovgivinga pålegg oss eller tillèt oss slik handsaming.

Vi handsamar personopplysningane vi hentar inn, til desse føremåla:

Vi brukar personopplysningar når vi svarer på spørsmål: Her handsamar vi namn, telefonnummer, e-postadresse og eventuelle andre personopplysningar. Behandlinga av personopplysningar skjer på grunnlag av ei interesseavvegning. Vi har vurdert det slik at dette ofte er nødvendig for at vi skal kunne hjelpe deg med det du lurer på.

Vi brukar informasjonskapslar (cookies) for å få informasjon om bruken av nettsidene våre: Vi handsamar personopplysningar på grunnlag av ei interesseavvegning. Vi har vurdert det slik at det er nødvendig for oss for å tilpasse nettsida til brukarane våre. Vi tar likevel vare på personvernet ditt ved at vi berre bruker opplysingane til statistikk. I denne statistikken er det ikkje mogleg å identifisere deg som enkeltperson.

Folgefonna nasjonalparkstyre brukar informasjonskapslar (cookies)

For å utvikle og analysere bruksmønsteret bruker nasjonalparkstyre.no informasjonskapslar (cookies). Informasjonskapslar er små tekstfiler som denne nettstaden lagrar på datamaskina til brukaren.

Nettenestene våre bruker informasjonskapslar som gjer at nettsida hugsar tidlegare brukarinnstillingar på sida. Informasjonskapslar gir oss også statistikk. Vi bruker statistikken som grunnlag for kunne å gjøre nettsidene våre betre.

Vi lagrar aldri informasjon som kan identifisere deg personleg eller krenke personvernet. Vi bruker analyseverktøyet Google Analytics for å analysere informasjonen.

Du kan avvise bruken av informasjonskapslar ved å justere innstillingane i nettlesaren din. Ver merksam på at om du gjer dette, kan det hende at du ikkje får brukt all funksjonaliteten på nettsidene.

Informasjonskapslar på Folgefonna nasjonalparkstyre si side:



_ga

- Kjelde: Google Analytics, gjer detaljert statistikk om kven som besøker nettsidene.
- Hensikt: Skilje unike brukarar for å berekne besökande-, økt- og kampanjedata for nettstadanalyserapportane.
- Levetid: 2 år.

_gat_UA-

- Kjelde: Google Analytics.
- Hensikt: Å avgrense frekvensen av førespurnader og innsamlinga av data på nettstader med stor trafikk.
- Levetid: 10 minutt.

_gid

- Kjelde: Google Analytics.
- Hensikt: Blir brukt for å skilje unike brukarar ved å tildele eit tilfeldig generert nummer som ein klientidentifikator.
- Levetid: 1 dag.

AWSELB

- Kjelde: SitelImprove
- Hensikt: Analyse og statistikk av nettstaden.
- Levetid: Blir fjerna frå datamaskina når du lukker nettlesaren.

_cfduid

- Kjelde: SitelImprove.
- Hensikt: Å identifisere klarert/trygg nettrafikk.
- Levetid: 1 år.

Nmstat

- Kjelde: SitelImprove.
- Hensikt: Å analysere bruken av nettstaden. Samling av statistikk.
- Levetid: 1000 dagar.

Siteimproveses

- Kjelde: SitelImprove.
- Hensikt: Å registrere sidene ein nyttar på eit enkelt besøk.
- Levetid: Blir fjerna frå datamaskina når du lukkar nettlesaren.

Slik administrerer du informasjonskapslar (Nettvett)

Utlevering av personopplysningar

Personopplysningar om deg vil bli utlevert til offentlege styresmakter og andre utanforståande når det føl av lovbestemt opplysningsplikt eller opplysningsrett.

Utlevering vil også kunne skje til andre partar dersom det er nødvendig for å gjennomføre dei forvaltningsoppgåvane som involverer deg, på ein sikker måte. Overføring av personopplysningar til databehandlarane våre blir ikkje sett på som utlevering.

Folgefonna nasjonalparkstyre er omfatta av offentleglova, som inneber at saksdokumenta våre, journalar og liknande som hovudregel er opne for innsyn. Det kan vidare krevjast innsyn i samanstillinger av opplysningar som er elektronisk lagra, når dette kan gjerast med enkle framgangsmåtar.

Folgefonna nasjonalparkstyre vil utlevere dokument og samanstillinger i samsvar med offentleglova når det krevst innsyn, bortsett frå når dokument, journalar eller samanstillinger inneheld opplysningar



som er teiepliktige etter lov eller forskrift, eller som med heimel i offentleglova bør vere unntatt frå offentleg innsyn.

I slike tilfelle vil Folgefonna nasjonalparkstyre vurdere om ein kan gi delvis innsyn i opplysningane, jamfør plikta til å vurdere meiroffentlegheit. Teiepliktige opplysningar vil ikkje bli levert ut.

Overføring av personopplysningar til utlandet

Vi leverer ikkje ut personopplysningar til land utanfor EU/EØS-området.

Slik vernar vi opplysningane dine

Vern av personopplysningane dine er ei høgt prioritert oppgåve for oss. Vi arbeider kontinuerleg for å verne personopplysningar og annan konfidensiell informasjon.

Lagringstid

Vi slettar eller anonymiserer personopplysningar om deg når føremålet med den enkelte handsaminga er oppfylt, med mindre opplysningane skal eller kan oppbevarast utover dette som følge av lovgivinga.

Det betyr for eksempel at personopplysningar som vi behandlar på grunnlag av samtykke frå deg, blir sletta dersom du trekkjer tilbake samtykket.

Rettane dine når vi handsamar personopplysningar om deg

Du har rett til å krevje innsyn, korrigering eller sletting av personopplysningane vi handsamar om deg. Du har vidare rett til å krevje avgrensa handsaming, komme med motseiingar mot handsaminga og krevje rett til dataportabilitet.

Du kan lese meir om innhaldet i desse rettane hos [Datatilsynet](#).

Ved å vende deg til oss kan du krevje innsyn i registrerte personopplysningar, få vite kva slags opplysningar som blir handsama, og få nærmare informasjon om vår handsaming av opplysningane.

Om du vil nytte deg av rettane dine, tar du kontakt med oss ved hjelp av kontaktinformasjonen her.

For å kunne svare på førespurnaden din må vi be deg stadfeste identiteten din eller gi oss meir informasjon. Dette gjer vi for å vere sikre på at vi gir tilgang til personopplysningane berre til deg og ikke til nokon som eventuelt utgir seg for å vere deg.

Klager

Eventuelle klager på Folgefonna nasjonalparkstyre si handsaming av personopplysningar om deg kan rettast til [Datatilsynet](#).

Endringar

Om vi endrar tenestene våre eller det skjer endringar i regelverket om handsaming av personopplysningar, kan vi måtte endre informasjonen du har fått her.

Oppdatert informasjon vil alltid vere lett tilgjengeleg på denne nettsida.

ST 27/21 Referatsaker

RS 6/21 Evaluering av forvaltningsordning nasjonalparker og andre store verneområde - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

RS 7/21 Oppfølgjing av tiltak - synfaring 20.05.2021 - Folgefonna nasjonalpark - oppbygging - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger

ST 28/21 Delegerte saker

DS 7/21 Delegert vedtak - Flyging med drone for tilsyn av sau - Vetle Laurdal Andersfjell Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 8/21 Framlegg - Uttak av steinprøvar for å datere skredblokker for å datere fjellskred i Bondhusdalen - Vitenskapelege undersøkingar - Universitetet i Bergen Institutt for geovitenskap - Bondhusdalen LVO - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 9/21 Ullensvang- motorferdsel - snøskuter - saltstein m.m - Dravladal - Holmavatnet - Lars Kjetil Hagen Reisæter

DS 10/21 Delegert vedtak - Helikoptertransport til vedlikehald av hus i Hjortedalen og proviant til Lono og Tverrelvhytta - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 11/21 Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Buer - Motorferdsel - helikopterlandig - Hersetenuten - Ridbjørg,- Reinanuten - geologiske undersøkelser